

Nostalgisk sus – s. 4



Jøsang Sjømat – s. 6



Tåkeklokka – s. 15

# BOKN BYGDABLAD

Nr. 4 mai 2015 – Årg. 30



Innskriving – s. 17

30 år

www.bygdabladet.no

KJEKT PÅ BOKN



# ORDFØRAREN HAR ORDET

*Kjære sambygding!*

**Fiber i Bokn – fleire må med!**



***Fiber i Bokn - høgt og lågt. Men fleire må med.***

Våren 2013 blei det inngått avtale med Haugaland Kraft om utbygging av breiband for heile kommunen, og ved årsskiftet ferdigstilte kraftselskapet utrullinga av fiberbasert breiband i Bokn. Dette er eit framtidsretta, viktig og positivt prosjekt for boknasamfunnet, og er særs viktig i marknadsføringa av Bokn. Fiber i Bokn vil sikra oss eit stabilt høgkapasitetsnettverk som syter for at bygda heng med i utviklinga som eit attraktivt område for både næringsliv og private husstandar.

Den største fordelen med breiband via fiber er kapasiteten. Har ein breiband via telefonlinja eller kobbarkabel, er det sjølve linja som set kapasiteten for kva som kan leverast av bandbreidde til heimen. Men med fiber har kabelen inga avgrensing. Fiber overfører datasignal ved hjelp av lys – i lysfart. Fiber har nesten uavgrensa kapasitet og blir levert som eit synkront produkt, altså at nedlastingsfarten og opplastningsfarten er like. Det er utstyret som set ei avgrensing for kva linjefart du kan få.

Arbeidet med fiber i bygda starta hausten 2013, og i kontrakten har Haugaland Kraft tatt utgangspunkt i at det er om lag 541 husstandar som er målgruppa. Ved ei dekning på 68%, dvs. 368 tilknytingar i løpet av 2 år, vil utbygginga ikkje koste noko for Bokn kommune.

Status per i dag er at det er inngått 201 avtalar på levering av breiband til husstandar, bedrifter og fritidsbustadar. Bokn kommune har i tillegg 21 utleigebustadar som ein skal inngå avtale om fibertilkopling. Det var ein viktig milepæl å nå 200 avtalar, men målet om 368 avtalar er likevel eit stykke unna. I forhold til fordelingsnøkkelen som er lagt til grunn i avtalen mellom Haugaland Kraft og Bokn kommune, er det viktig for bygda og fellesskapet å få flest mogleg abonnentar over på Altibox. Bokn kommune sparar 25.000 kroner for kvar inngåtte avtale.

Etter avtalen med Haugaland Kraft skal ein innan 1. oktober 2015 avklare status og avslutte kontrakten.

Bokn kommune ynskjer nå å intensivera arbeidet med å få fleire husstandar over på Altibox. Eg vil oppmoda alle husstandar, bedrifter og fritidsbustadar som endå ikkje har knytt seg til fiberbasert breiband om å teikna abonnement.
Altibox har også eit gunstig tilbod til dei over 65 år. Med «Seniorpakken» får ein tilgang til ein pakke med tv, telefon og ei internettlinje til ein rimelegare pris. I seniorpakken får ein fri startpris og teljarsteg til alle ordinære fasttelefonar i Norden, ein innhaldsrik tv-pakke og ei basis Internett-linje med full sikringspakke og e-post.

Bestilling kan skje på www.haugnett.no, eller ein kan kontakte servicetorget i Bokn kommune for rettleiing og meir informasjon.

*Ordføraren*



***Foto: Ørjan Pedersen***

# Kommunestyre- og fylkestingsvalet 2015

## Listeforslag, kommunestyrevalet 2015 i Bokn

14. september 2015 skal der haldast kommunestyre- og fylkestingsval i alle kommunar i heile landet. Nokon kommunar held val over to dagar, 13. og 14. september, men i Bokn er valdagen fastsett 14. september.

Valtinget 14. september 2015 er på allrommet i kommunehuset Boknatun og har opningstid frå kl. 09.00 – kl. 20.00.

**Kven har røysterett ved kommunestyre- og fylkestingsvalet?**

**Norske statsborgerar som**

- vil ha fylt 18 år innan utgangen av valåret og som
- er, eller nokon gong har vore, folkeregisterført som busett i Norge, og som
- ikkje har mista røysteretten etter Grunnloven § 53.
- utanlandske statsborgarar som har stått ført inn i folkeregisteret som busett i Norge dei siste tre åra før valdagen eller
- er statsborgar i anna nordisk land og blitt folkeregisterført som busett i Norge seinest 30. juni i valåret
- For å utøve røysteretten må veljar vere ført inn i manntalet i ein kommune på valdagen.

Tilsette i diplomatiet eller konsulatvesenet og deira husstand har røysterett sjølv om dei ikkje oppfyller busettingskriteriet. Dersom dei ikkje nokon gong har vore registrert som busett i Norge, skal de i manntallsførast i Oslo kommune.

**Førehandsrøysting:**
Perioda for førehandsrøysting er frå 10. august fram til og med 11. september. Du kan førehandsrøyste i alle kommunar i landet.

I Bokn kan du førehandsrøyste i Servicetorget frå kl. 09.00 og fram til kl. 15.00, måndag til fredag i førehandsrøystingsperioda. Frå 17. august kan du også førehandsrøyste på kveldstid i Bokn folkebibliotek, mandag og onsdag frå kl. 16.00 til kl. 19.00.

**Tidlegrøystegjeving:**
Tidlegrøystegjeving er ein del av førehandsrøysteordninga og er aktuelt for dei:

*«Veljerar som oppheld seg innanriks, unntatt på Svalbard og Jan Mayen, og som ikkje kan gi røyst i perioden for førehandsrøystegjeving eller på valtinget, kan ta kontakt med kommunen og gje røyst frå 1. juli og fram til førehandsrøystegjevinga startar 10. august i valåret.»*

Du kan tidlegrøyste i Servicetorget frå 1. juli til 10. august.

Hugs legitimasjon og valkort ved førehandsrøysting.

**Kven skal du røyste på?**
Listeforslag over kandidatar til kommunestyret i Bokn i perioden 2015 -2019 blei innlevert 31. mars 2015 frå følgjande parti:

- Arbeiderpartiet
- Høyre
- Kristelig Folkeparti
- Senterpartiet

Valstyret i Bokn godkjente i møte 5. mai 2015 alle dei innleverte listeforslaga til kommunestyrevalet i Bokn 2015.

Dei godkjente listene er lagt ut til offentleg ettersyn i Servicetorget. Dei ligg også på Bokn kommune sine nettsider.

# Val av sokneråd i Bokn sokn, 14. september 2015

Kyrkjevalet 2015

**Det vil vere høve til tidlegstemmegjeving frå 1. juli og førehandsrøysting frå 10. august til 11. september.**

**Sjølve valdagen er det høve til å stemme frå kl. 09.00 til kl. 20.00.**

**Stemmelokalet vil vere same som til kommunevalet; Boknatun, Boknatunvegen 37.**

**I stemmelokalet vil ein finne lister til sokneråd og til bispedømmeråd.**

**Soknerådet/valstyret legg fram følgjande liste til val av sokneråd:**

**Kandidatar:**

| | |
|---|---|
| **1. Merete Alvestad** | **1973** |
| **2. Magnar Are** | **1952** |
| **3. Eivind Øvrebø** | **1946** |
| **4. Anne Tove Øvrebø** | **1976** |
| **5. Ingunn Grønnestad** | **1972** |
| **6. Harry Vågshaug** | **1954** |
| **7. Ingvild Håland** | **1963** |
| 8. Liv Lie | 1954 |
| 9. Eva Moi | 1958 |
| 10. Ellen Nedrebø | 1963 |
| 11. Marita Svendsen | 1977 |



# Nasjonaldag med nostalgisk sus



Jardar Havikbotn

**Årets 17. mai blei ein fin gjennomført dag med eit tilbakeblikk i Bokn si kulturhistorie.**




Foto: Kyrre Lindanger

Heldigvis slutta det å regna då kapproinga skulle begynna. Nærmast vindstille og sol gjorde at det heile blei ei god oppleving. Og det kom ikkje noko meir ned frå himmelen før programmet var slutt, så i år var me heldige.

Gudstenesta, folketoget og konserten ved sjukestova blei gjennomført på tradisjonelt vis. Programmet på skulen begynte kl. 12.30 og blei gjennomført under dyktig leiing av Unni W. W. Høivik, leiar av årets 17. mai-komite. 9. klassingane Emilie A. Espeland, Annelin D. Jøsang og Celine Våga og heldt ein fin appell før korpset smelte til med akkompagnement på Norge i rødt, hvitt og blått.

**Jan Spurkeland**

Mange hadde nok sett fram til at Jan Spurkeland (73) skulle halda tale for dagen. Den tidlegare skulesjefen i Bokn, som reiser mykje rundt i landet og held foredrag i relasjonsleiing, skuffa ikkje. Han var tydeleg scenevand og hadde ein ledig stil der han gjekk og småtrippa på scenen med trådlaus mikrofon rundt hovudet - av og til med ein klukkande latter som krydra den retoriske stunda.

Skulemannen, forfattaren og kurshaldaren heldt akkurat den talen boknarane forventa å høyra, med alle ingrediensane på plass;



Foto: Kjetil Hamre



Foto: K. Lindanger

*Til venstre: Emilie A. Espeland, Annelin D. Jøsang og Celine Våga heldt ein fin appell.*

*Jan Spurkeland innfridde forventningane.*

nasjonaldagsfeiringa, 70 års markeringa for frigjeringa, litt




*Eit tilbakeblikk i Bokns kulturhistorie blei det då tre av boknavisene til Jan Spurkeland blei framført.*

skulepolitikk, bakgrunnen for boknavisene hans, forholdet til Bokn og forteljingar frå familien sin etter opphaldet sitt på Bokn. Og spesielt det siste var nok populært hos ein god del av tilhøyrarane. Med det sette han tonen for eit nostalgisk sus over det som skjedde på scenen den dagen.

**Boknaviser**

Tradisjonen tru føregjekk det trialoppvisning og leikar ute fram til programmet heldt fram i gymsalen. Eit kjært gjensyn med gitaren og songstemma til Jan Spurkeland blei det då han framførte tre av boknavisene sine saman med Boknakoret, under dirigent Anne Tove Øvrebø. Me hadde også fått stabla saman eit lite orkester; Kjetil Østebøvik på bass, underteikna på piano og sjølvsagt Daniel Thuestad på trekkspel, som var med og spelte inn visene for snart 40 år sidan. *Færing og frieri*, *Gullhønå* og *Eventyret om Bokn bru* kom på løpande band, medan sentrale bilder blei viste på storskjerm bak på scenen. Boknakoret var i storform, noko hovudpersonen begeistra påpeikte fleire gonger under fellesøvinga i Auditoriet timen før. Me som var med og spelte var godt nøgde med innslaget, og tilbakemeldingar frå publikum var veldig positive.

Leiaren av 17. mai-komiteen var svært nøgd med gjennomføringa av dagen. Komiteen skal i evalueringsmøte sjå på om noko kan gjerast endå betre til neste år.

**Det kjem eige bildealbum frå 17. mai 2015 på bygdabladet.no**



*BOKNAMINNER*

Sist gong Jan Spurkeland var på Bokn var på platesleppet av CD'en BOKNAMINNER på Marknadsdagen i Alvestadkroken i juli 2002. Kulturkontoret opplever nå ein ny etterspørsel av denne CD' en, særleg av unge personar. Bokn kommune har ikkje fleire eksemplar av plata og må vurdera å få produsert fleire. Digital publisering kan også bli ein realitet. Bygdabladet kjem tilbake til dette.




*Barneridning er alltid populært.*

# Jøsang Sjømat

Jardar Havikbotn

**Første helga i juni startar Jøsang Sjømat fast utsal av fisk og skalldyr i lokala til "Pedersen Logistikk" i Slåttevik, like ved E-39.**

Mannen bak Jøsang Sjømat, Kurt Jøsang (43), fortel at oppussinga av lokalet i huset ved sida av Sjonar er i full gong. Sidan oppstarten av firmaet 1. mars i år har han også hatt utsal der, med stor respons, mest av lokale folk, men også forbireisande.



***Mottaks– og produksjonshallen til Jøsang Sjømat ligg på Jøsang.***

**Mottaks– og produksjonshall** har han på Jøsang på hobbybasis, kor underteikna var på besøk veka før 17. mai. To flotte hus med maritimt preg ligg ved ein stor kai, der det har gått med over 100 m3 betong.

Bygget er godkjent av Mattilsynet med godkjenningsnummer R 937. Det er også installert renseanlegg m/ UV-filter til ferskvatnet.

Det eine huset tilhøyrer fiskarbroren og fast bidragsytar, Sigurd. Idéen til Jøsang Sjømat fekk Kurt då brørne fekk tildelt sjøtomter på heimagarden.

- Det er faktisk rundt 15 år sidan me begynte å snakka om dette, så det har vore ein lang prosess med kommune og fylkeskommune til der eg er i dag, fortel Kurt, som kan tilby assorterte varer med fisk og skalldyr, med hovudvekt på skalldyr.



***I 2. etasje er det spise/opphaldsrom, kontor, kjøkken, bad og lagerrom.***

### Tar i mot alt

Spesialiteten er fersk reke - naturleg sidan Sigurd er fiskar av det matnyttige krepsedyret. Broren sin bifangst av rekefisket er for det meste torsk og breiflabb, og Kurt foredlar fisken i porsjonspak-

kar, som han har erfart er populært blant kundane. Den vesle råreka tar han også i mot. Dei blir nedfrysne og leverte på Husøy.

Kurt fiskar også sjølv på hobbybasis, torsk i februar/mars, sjøkreps på våren og utover sommeren før hummarfisket startar 1. oktober. Han har god hjelp av syskenbarnet, Arne Jøsang. Elles gjer han stort sett alt sjølv, i tillegg til å ha investert over to mill. kr. til nå. Han har også full jobb som losbåtførar i Kystverket, der han i skiftarbeidet har fire veker fri om gongen.

**Stor interesse**

Skipsføraren hadde nyleg besøk frå Fiskesentralen i Oslo. Dei var veldig interesserte i fast leveranse på fisk og skalldyr. Han fortel også om førespørslar frå andre fiskebåtar om å levera fisk til Jøsang Sjømat. Varene er populære at han sel unna etter kvart. Det er mykje som tyder på at Kurt snart må tilsetta folk.

- Ja, dersom dette ekspanderer i rakettfart, må eg gjera noko, smiler han, som også har planar om å selja røykefisk.

Jøsang Sjømat har eiga Facebook-side og har stort sett blitt kjent der, og gjennom "Jungeltelegrafen". Kurt tar opp bestillingar på Facebook, eller på tlf. 93212888.

Rekene til Kurt blir kokte om bord i båten til Sigurd, "Jarstein". I mottaks – og produksjonshallen ligg rekene 5 -6 min. i 15% saltlake før dei blir heiste opp for væskeavrenning i ein time. Så blir dei pakka saman med is i isoporkassar, 15 kg. i kvar kasse.

**2. etasje**

Arbeidsjernet har også innreidd overetasjen i huset ved sjøen. Her finn ein både spise/opphaldsrom, kontor, kjøkken, bad og lagerrom.

I sommar blir det sal av fisk og reker, sjøkreps og kokt krabbe i Slåttevik. Sistnemnde vil bli såkalla garanterte.



***Bror til Kurt, Sigurd med båten Jarstein leverer fast til Jøsang Sjømat kvar veke.***

***Foto: Privat***

**Bokn Bygdablad ynskjer lukke til!**

# Påmelding til Bokn musikk– og kulturskule skuleåret 2015/2016

<u>Kulturskulen tilbyr pr. i dag undervisning i følgjande:</u>

- Piano: Lærar: Venevil Birkelund.
  20 minutt pr. veke. Pris pr. halvår kr. 734,-

- Boknakoret: Leiar: Anne Tove Øvrebø.
  Alder: Frå 8. klasse og oppover. Koret har øving tysdagar kl. 18.30 - 20.30. Pris pr. halvår kr. 585,-

Søskenmoderasjon: 30 % på rimelegaste tilbod.

**Bindingstid**

Påmeldinga er bindande for eit halvt skuleår (eitt semester) om gongen.

Eleven får tildelt plass i kulturskulen for eitt år (haust og vår).

Skulle ein ikkje ynskje å fortsetje i kulturskulen til våren, må ein gi **skriftleg beskjed om utmelding til underteikna innan 10. desember 2015**. Gir ein ikkje beskjed om utmelding, vil ein bli fakturert også for vårsemesteret.

Eventuell unytta elevplass gir ikkje rett til tilbakebetaling av skulepengar.



***Elevkonsert, juni 2013.***

***Foto: Jardar Havikbotn***

**Søknad og opptak**

Dei som får tildelt plass, får melding om dette ved skulestart hausten 2015. Då kjem også nøyaktig tidspunkt for den enkelte undervisningstime.

Dersom ein ikkje skulle få tildelt plass, blir ein sett på venteliste og blir kontakta så snart det blir ledig.

**Fakturering**

Faktura vil bli sendt forskotsvis.

Håpar på god pågang, og at det kan bli eit fint og lærerikt år i Bokn musikk- og kulturskule.

*Med vennleg helsing*
*Anne Tove Øvrebø*
*Rektor i Bokn musikk- og kulturskule*
*Tlf.: 41 68 33 44*



***Boknakoret, 17. mai 2015***

***Foto: Kjetil Hamre***

**Påmelding frå 1. juni på bokn.no - først til mølla-prinsippet**

**Søknadsfrist: tysdag 30. juni 2015**

**Serie**

# *Eg seie meg så*

Denne gongen fekk me ein klar einer: Andor Borgenvik. Han visste både kva krabbaskjøl var og kva plante ein kalla kjeringar, nemleg åkersnelle. Kanskje kan desse blomane også minna om små kjeringar? Ei horg tyder eigentleg ein haug, men blir også bruka om noko det er mykje av, t.d. ei heil horg med folk.

**Forklaringane:**

| | | |
|---|---|---|
| 1. | ein stoppesopp | eit soppforma trestykke ein bruka ved stopping av sokkar |
| 2. | ein gullsmed (insekt) | ei marihøne |
| 3. | krabbaskjøl | albueskjell |
| 4. | sauablom | løvetann |
| 5. | knoppetare | blæretang |
| 6. | å spøda | å strikka |
| 7. | kjeringar (plante) | åkersnelle |
| 8. | å dalga | å slå |
| 9. | fyse | ikkje fyse = ikkje enkelt |
| 10. | ei horg | ein heil haug |

**Månadens uttrykk, kva betyr**

1. bamlå
2. ei fema
3. småteranes
4. slåvatn
5. eit fjom
6. å fleggja
7. å sampa seg
8. å vera udregjen
9. ein vongse
10. ei klimpa

**Forslag til forklaringar kan leverast Bokn Bygdablad innan 12. juni.**

**Resultat:**
Andor Borgenvik 10 poeng
Henrik Haukland Våge 8 poeng
Dagsenterdamene 8 poeng

**Nok ein gong takkar me Helge Laupland for gode forslag og håpar at lesarane med dette får noko å bryna seg på.**

Me har fleire gonger tidlegare vore inne på å laga ei markering der dei flittigaste blir gjort stas på. «Egseiemegsåredaksjonen» meiner at tida bør vera inne på å gjera alvor av dette. Som de sikkert hugsar, er tanken eit cruise med boknafjordsferjene. Tanken er også å samla alle boknauttrykka i eit eige hefte. Så fylg med, fylg med. Lukke til!




Lars Øyvind Alvestad

**9. Mai ble det for første gang arrangert en storstilt dugnad for å rydde opp her på Bokn. Tilfeldighetene ville også ha det til at dette er Norges strandryddedag, for et passende sammentreff.**

Undertegnede som også er leder i Bokn Sykkelklubb har, etter mange sykkelturer rundt på Bokn lagt merke til mye søppel langs veiene. Mye av dette er avfall som er kastet fra biler. Men noe er nok også flygeavfall som vinden har båret med seg.

Cirka 25 personer møtte opp og brukte noe av lørdagen på en svært god sak. Det ble plukket cirka 70 sekker med avfall, i tillegg ble det samlet sammen en del større avfall fra strandsonene på Trosnavåg, Tåganes og Ognahabn, samt mellom Fyren nærmiljøanlegg og Føresvik. Her er det enda mer å hente! Andre områder hvor det ble plukket avfall var Håland, Knarholmen, Vatnaland, Hognaland, Turstien, Fyren, Alvestad og mot Grønnestad.

**Plast**

Det var plast som var en gjenganger, og da spesielt siloplast fra landbruket. Her har nok bøndene også et forbedringspotensial. Jeg håper å få med bondelaget ved neste års dugnad.

Mange lag og organisasjoner var med på dugnaden, blant annet Bokn Gatebilklubb, Bokn Røde Kors, Bokn IL, Bokn Sykkelklubb, Bokn Mållag og mange andre privatpersoner. Jeg håper til neste gang dette arrangeres at enda flere har fått opp øynene på hvor mye avfall som faktisk ligger rundt på de ellers så flotte øyene våre.

Vi fikk også inn kaker, og kokte kaffe som ble servert ved samlingspunktet på Kyrkjebygd Kulturhus

**Vandrepokal**

Det var ordnet med en vandrepokal til den/de som plukket flest sekker avfall.

Vinnerne i år ble Bianca Alvestad og Kristian Hatlem, som sammen plukket 11 sekker med avfall! Gratulerer, og takk for flott innsats! Dere kan nå offisielt kalle dere årets søppelplukker!

En stor takk til alle som deltok, dere har gjort en fantastisk jobb! Håper å se dere og mange flere ved neste arrangement.



***Bilklubben i aksjon på Austre Bokn, ett av flere lag som var med på dugnaden.***



***"Båtforlis" i Ognahabn.***

*Neste års dugnad vil mest trolig bli arrangert i forbindelse med "Verdens Miljødag" som er 5. Juni (foreløpig dato).*



***Kaffidrøs***



***Årets søppelplukker: Bianca Alvestad & Kristian Hatlem.***

Serie av
Birger Lindanger

# Med båt til Bokn

Båtar i rute frå hjuldamparen Ryfylke til bilferja Boknafjord

## *M/S Haugesund – frå Chicago til Capri*

***Ferjeflaumen renn tett***

Sjølv om Bokn ikkje blei landfast før i 1990, låg øyane samferdslemessig meir sentralt til enn øyar flest. Utan fastlandssamband mellom byane Stavanger, Kopervik, Haugesund og Bergen, laut det båt til for å knyta dei saman. Og midt i leia for denne trafikken, låg Bokn med dei to stoppestadane Føresvik og Alvestadkroken. Både Det Stavangerske Dampskibsselskab og Haugesund Dampskipsselskap rekna ruta som innbringande, og då det auka på med bilar - ikkje minst etter at bilrasjoneringa blei oppheva i 1960 - var det viktig å segla med båtar som på rasjonelt vis kunne bringa med seg bilar.

*Ferjeflaumen mellom Stavanger og Haugesund renn tett og tidsmessig gjennom Boknasundet* heitte det i Haugesunds Avis i 1967, *tri samband mot nord og tri mot sør, det er det mange kommunar som misunner Bokn*. Utfordringa var å få bygd ei skikkeleg ferjestø som kunne ta mot dei store, moderne bilferjene. Difor galdt det å laga støer for bilferjene, og fylkesvegsjefen slo fast at det ikkje kom på tale med ny kai på Bokn utan ferjestø for bilferjer! Så laut kommunestyret konsentrera seg om å få bygd eit slikt ferjestø, og i 1969 sto det ferdig til bruk i Føresvik – etter ein del tautrekking om plasseringa.

Det gjekk likevel an å koma til og frå Bokn jamvel utan ferjestø tilpassa bilferjene. Nokre av bilferjene og nattruteskipa kunne ta bilar i vinsjen og det kunne jamvel under laglege tilhøve vera råd å ta bilane inn frå brygga til dekket på lemmar.




*"Haugesund" før øvre bildekk blei montert i 1955.*

***Haugesund* som krigsskip**

Den fyrste bilferja i dagruta mellom Stavanger og Haugesund, var prektige *MS Haugesund.* Som MS Stavanger i nattruta, var også *Haugesund* eit resultat av krigen. Etter Pearl Harbour blei også USA dregen inn og starta på eit omfattande flåteprogram for å byggja opp marinen.

Det førte mellom anna til at kjølen til den seinare *Haugesund* blei strekt ved eit verft i Chicago 14. oktober 1942. Etter eit halvt års bygging, blei fartøyet så sjøsett 2. mai 1943 og døypt USS PCE-827. Same månaden blei båten lånt ut til Royal Navy i Storbritannia og sidan omdøypt til *HMS Kilbirnie*. Oppgåva var å vera ubåtjeger og eskorteskip for konvoiane.

Midt i juli 1943 blei fartøyet sett i drift, men kolliderte same månaden med eit anna fartøy ved Chicago. Skadane var likevel ikkje større enn at det eit par veker kunne setjast i drift att.

I november 1943 blei det sendt til Tobermoy i Storbritannia for utrustning. Dette tok eit par månadar og sist i januar blei båten sette i eskorteteneste i Middelhavet og i strekninga frå Gibraltar til Freetown i Sierra Leone.

Dei fekk visst ikkje senka nokon ubåt med fartøyet, men straks over nyttår 1945 plukka dei opp ein del overlevande etter at *HMS Blackheath* var torpedert utanfor Nord-Afrika. Få veker etter blei det seinare *Haugesund* pårend av eit anna britisk marinefartøy, *HMS Bourbon.* Dette var ein så kraftig samanstøyt at heile det fremre maskinrommet blei fylt med vatn og kokken mista livet. Mannskapet makta likevel å manøvrera skipet




*"Haugesund" i Vågen i Stavanger.*

inn til den næraste hamna, Casablanca. Denne episoden innebar også slutten for krigstenesta til *Haugesund.* Båten var ikkje reparert før i juni same året då krigen i Europa var over. Den blei difor send i opplag i Storbritannia og sidan levert tilbake til USA 10. desember 1946. Det var her DSD fann båten og 16. desember 1946 kjøpte selskapet båten for 80.000 dollar.

**Krigsskipet blir sivilt**

Våren etter blei båten bygd om til bil- og passasjerferje med tanke på å gå i rute mellom Stavanger og Haugesund med stoppestadar i Føresvik og Kopervik innimellom. 130 mann arbeidde i seks månadar for å gjera han klar. Då båten kom til Stavanger, var det framleis ei kanon om bord, Den blei sidan teken vare på som ein suvenir. Båten blei så sertifisert for 750 passasjerar og 22 personbilar. Her blei innreidd to store salongar, nokre mindre og 17 passasjerlugarar. Bilane blei frå starten lasta inn frå sida, men når det kom gode støer for bilferjene, var det meininga at dei skulle kunna takast inn akter.

Den 25. juni 1947 blei *Haugesund* som fartøyet nå var døypt, sett i fart mellom Stavanger og Haugesund. Ruta var at båten skulle gå frå Tollbukaien i Stavanger kl. 10,15 for å leggja til i Haugesund klokka 12,45. Etter tri timars liggjetid, var det retur frå Haugesund kl. 15,45. Avgangen frå Stavanger skulle elles falla saman med at nattoget kom til Stavanger og sidan nå tilbake til å nå nattoget frå Stavanger om kvelden.

***kystfartens uoffisielle flaggskip?***

På prøveturen onsdag 23. juni var dei inviterte mektig imponerte. *Vel hadde en hørt om at den nye, store fjordrotten skulle være en gjev båt. Men ingen hadde vel drømt om at den var så storslagen,* skrøytte ein journalist i Stavanger Aftenblad. Dette måtte *være hele den norske kystfartens uoffisielle flaggskip,* heldt han fram. Komforten var det heller ikkje noko å seia på: *Mens en elles lengtet etter at båten skulle nå fram til brygga, var det som om en med «Haugesund» bare ønsket at den ikke måtte komme fram.* Til saman selde amerikanarane 24 slike avlagde krigsskip. Av dei kjøpte DSD to, det andre blei til *Stavanger* som blei sett inn i nattruta.

Utanom Haugesund, gjekk båten fram til i 1950 også til Sauda. Frå då av og til 1961 blei Sauda bytta ut med Tau. Sidan gjekk *Haugesund* bare i Haugesund-Stavangerruta. Elles auka biltrafikken på, og i 1955 blei det øvre dekket utvida til å ta bilar. Men likevel sprengde biltrafikken etter kvart kapasiteten til *Haugesund.* Sidan blei også ruta Megjarvik – Skudeneshavn opna om lag samstundes med at westamaranane tok over passasjertrafikken mellom Haugesund og Stavanger. Alt dette gjorde at *Haugesund* blei overflødig og teken or ruta frå nyttår 1973.

**I rute på Capri**

*Haugesund* blei nå liggjande i opplag eit par månadar før skipet blei seld til Libera Navigazione Lauro i Napoli. Her blei båten omdøypt til *Lauro Express* og sett i rute mellom Napoli og Capri og mellom Napoli og Ischia. Sidan gjekk *Lauro Express* i rute til Capri fram til eit reiarlag på Sicilia kjøpte båten og døypte han om til *Sicilia Ponte.* Her gjekk båten i rute til han i 1988 blei seld vidare til TU.C.A. Turistica Costiera Amalfitana i Salerno for å gå på Amalfikysten i Italia. Namnet blei nå *«Tucalif»*.

Men nå gjekk det mot slutten med den gamle ubåtjagaren. Den 30. august 1997 blei gamle *Haugesund* seld til opphogging i Napoli.




***I 1990-åra gjekk "Haugesund" i rute langs Amalfikysten under namnet "Tucalif".***

# Dagsenter-besøk

Linda Ognøy

**Tysdag 19. mai hadde biblioteket besøk av Dagsenteret. Det blei ei trivelig stund med kaffi, kake og diktlesing.**



Me var så heldige å få besøk av 1.



klasse som framførte fire vårsongar. Flinke 1. klassingar avslutta med ein God morgen-song på engelsk, som ei helsing til ein ny brukar av Dagsenteret.Tusen takk til Oddrun Nilssen som saman med ungane viser stor songglede.

# Konsert med Tysvær blandakor

Hanne Marte Vatnaland





**Nærmare 40 korsongarar frå Tysvær blandakor tok turen til Bokn for å halde konsert i auditoriet ein torsdagskveld. Resultatet var storslagent.**

Det hadde vore plass til endå fleire, men dei som sette av kvelden fekk seg ei heilt spesiell konsertopplevving. Temaet var Amerika, og kjente og kjære Western-songar kom som perler på ei snor. Noko i arrangement med heile koret, og andre med fleire dyktige solistar.

Boknarane Daghild Alvestad og May Jorunn Vatnaland syng i koret og var dei som tok initiativ til at også Bokn burde få sin eigen konsert.

- Det var veldig kjekt å få synge med blandakoret heime på Bokn. Eg synest særleg den første songen me song, *Down by the Riverside*, er kanonbra, men også *Shenandoah* er noko for seg sjølv. Det er ein song som skal høyrast ut som eit ekko, og gir ei heilt spesiell kjensle. Det blei veldig flott i auditoriet.

Tilbakemeldinga frå koristane sjølv var at lyden var spesielt fin i auditoriet, så det var svært kjekt å synge her for dei frammøtte.

Etter konserten vart det hinta frå publikum om at boknarane også er svært glade i julekonsertar, og gjerne kunne tenke seg eit besøk til rundt juletider. Me vonar de kjem att!

**Tilbakemeldingar frå publikum:**

***Kate Silje Aksdal:***

- **Eg tek av meg hatten og bøyer meg i støvet! Det var ein kanonbra konsert, eg har kost meg og kunne vore der og høyrt på dei mykje lenger.**

***Møyfrid Vatnaland:***

- **Det var eit veldig bra program dei hadde. Det er heilt umogleg å velje ein song eg likte best, alt var valt ut til å passa så bra saman.**

***Oddrun Nilssen:***

- **Dei gav så mykje av seg sjølve, og det var utruleg kjekt å sjå slik ein songglede som dei alle hadde. 1,5 time gjekk veldig fort!**

# Kulturkalenderen

## Endringar/nye arr.

**Mai**

30.-31. Blikshavn-leir for Stifinnarane, Bokn KFUK-KFUM
31. Gudsteneste i Loten kl. 11.00 - Felles for Bokn og Tysvær
***31. Skytetrening kl. 14.00 - 16.00, Bokn skyttarlag***

**Juni**

03. Bokn sanitetsforening har basar på skulen kl. 19.00
05. Kino i Auditoriet
***05. 40 års jubileumsfest for Bokn KrF, bedehuset kl. 19.00 - sjå s. 24***
05.-06 Overnattingsleir for Oppdagarane, Bokn KFUK-KFUM
***06. Bokn OppNed - sjå s. 24.***
***06. Dans på Bokn skule kl. 21.00 - 01.00 med** **Potluck***
08. Møte i Rådet for eldre og funksjonshemma, formannskapssalen kl. 17.00
09. Formannskapsmøte i formannskapssalen kl. 17.00
***10. Skytetrening kl. 18.00 - 20.00, Bokn skyttarlag***
14. Bokn bedehus: Normisjon kl. 19.00
16. Kommunestyremøte i Allrommet kl. 19.00
19. Kino i Auditoriet
21. Gudsteneste kl. 11.00
***21. Skytetrening kl. 14.00 - 16.00, Bokn skyttarlag***
23. St.Hans feiring og 25 års fest kl. 18.00 på nærmiljøanlegget. Arr. Bokn KFUK-KFUM

**Juli**

11. Sommarmarknad på kaien i Føresvik kl. 11:00 - 15:00
***The Kvednabekkjers* m/venner spelar opp til dans om kvelden.**

# Omsetning av eigedomar i Bokn

Kjelde: Statens kartverk

**Gnr 11, bnr 311** er solgt for kr 839.664 fra Bokn kommune til Nibe as **(10.04.2015)**

**Gnr 11, bnr 239** er solgt for kr 700.000 fra Trond Johannessen til Magnar Øvrebø **(16.04.2015)**

**Havnavegen 61 A (Gnr 11, bnr 278, seksjon 1)** er solgt for kr 2.820.000 fra Nibe as til Andreas Gabrielsen **(13.04.2015)**

**Lodavegen 203 (Gnr 13, bnr 5)** er overdradd for kr 544.000 fra Arne Vatnaland til Reidun Irene Vatnaland **(22.04.2015)**

# GRATULERER!



**Tiril Kristine J. Alvestad - 1 år, 13. april.**

Me vil gratulera den fantastiska jentå vår med 1 årsdagen som var den 13. april:) Tenk at du er blitt så store jenta allerede!

**Elske deg jentå vår, kyss og klem frå pappa og mamma :)**



**Cecilie Odland - 25 år, 13. mai.**

En stor gratulasjon til vår kjære samboer og mamma som blir 25 år 13.mai.

Gratulerer med dagen! Vi elsker deg!



**Espen Alvestad - 50 år, 13. mai.**

HippHippHurra!!! I Krojen skal det være fest for Espen som blir 50...

Gratulera sååå masse med 50-års dagen til verdens beste mann, pappa og 'svigers'!

**Bursdagsklem i fleng fra Åse Helen, Gina, Kim Erik, Martine og Sondre.**



**Hermine Lindanger - 13 år, 30. mai.**

Me vil gratulera den flotte tenåringen vår med 13 årsdagen den 30. mai! Med ynskje om ein strålande bursdag med venner og familie!

**Varme knipar og klemmar frå Albert, mamma og pappa.**

# GRATULERER!

# Tåkeklokka på Aksdalsneset

Birger Lindanger

**For nokre år sidan forhøyrde styret i Bokn bygdemuseum seg med Kystverket om det var råd å få ta ansvar for den gamle tåkeklokka på Aksdalsneset. Svaret var at den var fjerna for lenge sidan.**

Tåkeklokka blei sett opp i 1929 og hadde såleis lenge vore til nytte i skodda i sundet eller sør i fjorden då ho i 1964 blei erstatta av ei elektrisk sirene. Sidan var sirena i drift til i 1984 då også den blei avvikla. Såleis hadde det då vore tåkesignal på Aksdalsneset 55 år.

For ei tid sidan undersøkte styremedlem Andre Schou i Norsk fyrhistorisk foreining saka. Det viste seg då, at etter at toppen på klokketårnet blei rive i 1973, blei klokka med drivverk gitt i gåve til byen Huntsville i Alabama i USA. Der blei det så sett opp ein kopi av tårnet i Big Springs Park der klokka og tårnet står den dag i dag.

Så den som i dag vil høyra lyden av den gamle tåkeklokka på Aksdalsneset, må dra langt.



*Tårnet på Aksdalsneset i dag. (Foto: Kystverket)*



*Tårnet i 1965. (Foto: Kystverket)*




*Minneplata om klokka i Huntsville.*



*Aksdalsneset tåkeklokke i Huntsville.*

# Kulturen har satt sitt fotavtrykk i flerbrukshallen!

Enkelte ansatte og ledere i kommunens kulturseksjon «Me fra kulturseksjonen» hadde i forrige Bygdablad et innlegg om Flerbrukshallen.

Innlegget inneholder flere faktafeil, og det må kommenteres. Det forventes at engasjementet er såpass stort at de sjekker tegninger som ligger tilgjengelig i servicetorget over hva faktisk hallen skal inneholde.

